



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. desember 2024

**Driftskreditt
RescEU**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 11. desember 2024 kl. 09.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde digitalt.

Dagsorden

- Sak 1 Foretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma
- Sak 4 RescEU

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre

Statssekretær Karl Kristian Bekeng
Departementsråd Cathrine M. Lofthus
Ekspedisjonssjef Cathrine Meland

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad
Tord Anton Haaland
Anne Karin Hamre
Linda Karin Gangstøe
Geir Arne Sunde
Kristin Reitan Husebø
Wenche Kristin Røkenes

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Eigardirektør Ivar Eriksen (etter fullmakt frå administrerande direktør)

Andre til stades

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen §13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga. Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne hadde meldt forfall. Eigardirektør Ivar Eriksen stilte med fullmakt frå administrerande direktør.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 23 S (2023–2024) *Endringar i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Her er det foreslått å redusere ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 3 500 mill. kroner, frå 28 743 mill. kroner til 25 243 mill. kroner, ved utgangen av 2024. Det reduserte likviditetsbehovet skuldast at pensjonspremiar i 2024 er 3 500 mill. kroner lågare enn tidlegare forutsett. Justeringa av ramma for driftskreditt vert fordelt mellom regionane etter ordinær fordelingsnøkkel.

Helse Vest RHF sin del av redusert driftskredittramme utgjer 671 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramma for driftskreditt for 2024 justert ned frå 5 632 mill. kroner til 4 961 mill. kroner ved utgangen av 2024.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert redusert med 671 mill. kroner frå 5 632 mill. kroner til 4 961 mill. kroner ved utgangen av 2024.

Sak 4 RescEU

Føretaksmøtet viste til Noreg sin avtale med EU om eit ambulansefly for transport av pasientar med høgrisikosmitte i Europa, *Norwegian rescEU Jet Air Ambulance for Transport of Highly Infectious Patients* (NOJAHIP). På norsk side er Helsedirektoratet avtalepart med EU. Prosjektet består for øveig av dei regionale helseføretaka og Luftambulansetjenesten HF, og er organisert gjennom prosjektledelse frå Helse Sør Øst RHF og ein operativ driftsgruppe med ansvar for planverk, øvingar og gjennomføring av oppdrag.

Luftambulansetjenesten HF har ansvaret for den operative driften og er avtaleforvalter med operatørselskapa. Dei regionale helseføretaka og helseføretaka har ansvar for den medisinske delen av tenesten og pasientbehandlinga, og bemannar tenesten sine fly med spesialiserte leger og sjukepleiarar.

Føretaksmøtet viste til tidlegare oppdrag til de regionale helseforetakene om saka i føretaksmøter 10. juni 2020 og 13. november 2020. Flyet sitt bruksområde inkluderar i dag transport av alvorlege brannskade- og CBRNE-pasientar i tillegg til HID-pasientar. Føretaksmøtet viste vidare til seinare dialog med Helse Sør-Øst RHF om at det også er ønskeleg å vurdere transport av ECMO-pasientar.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretakene skal vurdere om bruksområdet til Norwegian rescEU Jet Air Ambulance for Transport of Highly Infectious Patients (NOJAHIP) bør bli utvida til også å inkludere transport av ECMO-pasientar. Det vert lagt til grunn at ein i vurderinga involverar NOJAHIP-prosjektet og relevante fagmiljø. Vurdering med tilråding skal bli sendt til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. januar 2025.

Møtet vart heva kl. 09.40

Oslo, 11. desember 2024

Jan Christian Vestre

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar